

# HANDLINGSPLAN BUSETJING I BYGDENE



Vedtak i Hol kommunestyre 18.12.1997, sak nr. 94/97.

Framlegg til handlingsplan for busetjing i bygdene vert godkjent som ein delplan til kommuneplan. Plan gjeld frå 1.1.1998.

Til oppfølging av plan er det sett av 100 000 kr kvart år i økonomiplanperioden 1998 – 2001

Formannskapet vel ei gruppe som skal ha hovudansvaret for oppfølging av plan. I gruppa skal det delta representantar frå fylgjande utval/etatar.

- 1 frå kommunestyret
- 1 frå teknisk etat
- 1 frå næringsavdelingen
- 2 frå grendeutvala.

Reglar for stønad til bygging/kjøp av bustad i grendene er opphøyrte fra 01.01.1999. Jfr. kommunestyrevedtak 10.12.1998, sak nr. 0115/98.

---

---

## HOL KOMMUNE

I kommuneplanen for Hol vedteken 19.12.1991 heiter det under hovudavsnitt " Dei viktigaste

05.01.2009

utfordringane for Hol kommune" i avsnittet "busetjinga i bygdelaga":

*"Det er eit mål å oppretthalde busetjinga i alle bygdelaga, og dette er ei viktig utfordring dei komande åra. Fleire av skulekretsane har behov for innflytting som kan rette opp den skeive alderssamansetjinga. Det er ei prioritert oppgåve å utarbeide eigen handlingsplan for å nå denne målsettinga"*

I brev til formannskapet 06.10.94 ba ordføraren om at det måtte setjast ned ei plangruppe som kunne arbeide med ein handlingsplan for busetjing i bygdelaga. Dette var no den einaste delplanen som enno ikkje var sett i arbeid etter at kommuneplanen var vedteken.

Formannskapet oppnemnde i møte 1.11.1994 sak 232/94 fylgjande styringsgruppe:

Ordføraren, Jorunn Kleppo, Elisabeth Bølviken Groven og Knut Medhus. Det var og sett ned ei nemnd som skulle vurdere oppretting av grendeutval i Hol kommune. Denne nemnda hadde ein del opne møter i grendene, og ein konkluderte med at ei høveleg oppstartsoppgåve for å prøve ut ein grendeutvalsmodell m.a. kunne knytast til handlingsplanen for busetjing.

## **GRENDEUTVAL:**

Etter ein møterunde i grendene er det vald grndeutval i Dagali, Skurdalen, Ustaoset og Haugastøl, Kvisla, Holet og Moen, Hovet, Sudndalen.

Hol kommunestyre har i sak 43/97 vedteke retningsliner for grendeutvala. (Vedlegg 4).

I økonomiplanen er det avsett ein sum på kr. 50.000,- pr. år til drift av grendeutvala.

## **BUSETJINGSMØNSTER -FOLKETALSUTVIKLING.**

Folketalet fordelt på skulekrinsane syner denne utviklinga i tida etter 1980:

	<b>1980</b>	<b>1985</b>	<b>1990</b>	<b>1994</b>	<b>1995</b>	<b>1996</b>	<b>Endring 80-96</b>
Sudndalen/Hovet:	563	576	575	549	534	530	-33
Holet/Moen:	954	923	887	799	840	820	-134
Kvisla/Lien/Ustedalen/Ustaoset/ Haugastøl:	2628	2779	2809	2826	2799	2849	+221
Skurdalen:	205	222	265	278	261	259	+ 54
Dagali:	165	176	187	174	171	173	+ 8

Fordelt på aldersgrupper er den prosentvise fordelinga slik pr. 1.1.96 samanlikna med fordelinga pr. 1.1.90:

	<b>0-6</b>	<b>7-15</b>	<b>16-19</b>	<b>20-39</b>	<b>40-66</b>	<b>&lt;67</b>
Sudndalen/Hovet:	7%	11%	5%	25%	32%	20%
1990	8%	10%	4%	30%	27%	22%
Holet/Moen:	8%	11%	5%	26%	30%	19%
1990	9%	11%	5%	28%	29%	19%
Kvisla/Lien/Ustedalen/Ustaoset/Haugastøl:	9%	10%	5%	30%	31%	15%
1990	8%	10%	3%	31%	26%	19%
Skurdalen:	7%	14%	5%	22%	32%	19%
1990	12%	10%	3%	31%	26%	19%
Dagali:	7%	18%	4%	27%	25%	18%
1990	13%	14%	3%	27%	23%	20%

Folketalsutviklinga syner tydeleg at nedgangen i folketalet i øystre dalføret er urovekkjande stor. I perioden frå 1980 - 1996 er tilbakegangen i heile dalføret på 167 personar eller 11%. Størst er nedgangen i Holet/Moen med heile 14 %.

Dei siste 5 åra frå 1990 - 1996 er tilbakegangen for heile dalføret på 7,6 %, for Holet/Moen 7,5 %. Største endringa finn ein i aldersgruppene 20 - 39 år. altså gruppa der folk er i sin yrkesmessige "beste alder".

Desse tala gir klar melding om at dersom den tidlegare siterte målsetjinga i kommuneplanen skal kunne nåast, er det nødvendig med konkrete tiltak med tilhøyrande midlar for å stimulere til auka satsing på grendelaga i Hol kommune frå det offentlege si side for å leggje tilhøva tilrette for ei annan utvikling enn den som har vore dei siste åra.

## **KVIFOR HAR UTVIKLINGA GÅTT DENNE VEGEN?**

Ein analyse av lokalpolitikken dei siste 16 åra (1980-96) ville vel neppe gje som svar at det har vore ført ein bevisst sentraliserande politikk av kommunepolitikarane i Hol. På mange måtar ville ein sannsynlegvis få meir rett om ein påsto at det har vore ført ein desentraliserande politikk i den forstand at bygdelaga i Hol har vorte tekne vare på når det gjeld t.d. ymse servicetilbod som det offentlege har ansvaret for. Likevel har det vorte såpass store endringar i folketalet grendene i mellom som tala viser.

Av samfunnsforskarar blir det ofte hevda at det har vore ei svært sterk sentraliseringsbølge her i landet dei siste 5-6 åra, sterkare enn den vi hadde på 60 talet. Har det vore eit like politisk medvet i høve til den noverande sentraliseringa som det var på 60 talet? Blir det gjort sentraliserande tiltak gjennom ordningar som ikkje er lokalpolitisk styrde? Tilfredstiller ikkje grendene dei krava folk i etablerarfasen set i 1990 åra? Som ein konsekvens av 60 års sentralisering og alarmerande tal for Øystre Hol og grendene der fekk vi ein tiltaksplan som var forløparen til etableringa av industrivekstanlegget i Kleivi. Denne etableringa førde til ein sterk vekst i busetjinga i Holet og tildels Hovet tidleg i 70 åra etter jamn tilbakegang i mange år. Kva for tiltak kan ein setja inn no for å stoppe eller helst snu utviklinga?

## **KVA ER STODA I DAG?**

Hol kommune har eit busetjingsmønster som på mange måtar er ein konsekvens av den topografien som kommunen har med mange mindre grender og 2 hovuddalføre. Dei siste 10 åra viser statistikken at det er tildels klare tendensar til at folk samlar seg meir og meir i tettstaden Geilo med dei konsekvensar dette etterkvart får for dei andre grendene i kommunen og at det blir eit auka press på Geilo. Det har vore politisk semje om å halde oppe busetjinga i alle grendene utan at det har vore arbeidd noko serleg med å ta i bruk konkrete tiltak som fyller dette målet. Men gjennom årlege budsjettevedak blir dei ulike delene av kommuene tilgodesett med midlar og tiltak som tilsaman har gjort at det til no har vore mogleg å halde oppe busetjinga i grendene, men skal det lykkast også i framtida, må det vera semje om å setja inn meir konkrete tiltak som skal gjera sitt til at grendene blir oppretthalde i samsvar med målsetjinga i kommuneplanen.

## **KVA FORVENTAR FOLK AV KRETSEN DEI BUR I?**

Den store brukarundersøkinga som Hallingdalskommunane gjennomførde vinteren 96 viser at arbeid er det som holinga legg mest vekt på når han skal flytte på seg. Det er sikkert ingen overrasking, men understrekar at oppskrifta frå 70 åra med å satse på arbeidsplassar er ein avgjerande føresetnad for å kunne auke/stabilisere folketalet i bygdelaga. I tillegg til arbeid er oppvekstvilkår for barn/unge viktig og at lokalsamfunna inneheldt dei viktigaste funksjonane ein må kunne forvente i 90 åra: Skule, butikk, post/postrute, aktivt lagsliv, barnehage. For at dette i framtida skal kunne haldast oppe, er det ein føresetnad at det ligg politiske overordna mål som gjer dette mogleg også i trange tider og at midlane blir prioriterte slik at det er gjennomførbart.

I tillegg til dette har folk forventningar til større butikktilbod, uteliv, idrettstilbod, ulike kulturtilbod, offentlege kommunikasjonar, ordna vatn og avløp m.m. Ikkje alle av desse forventningane kan oppfyllest i alle grendene, ein del kan ein berre oppleve ved å halde til i kommunen sin store tettstad, Geilo. Her er det sjølsagt også moglegheiter for sosial omgang med fleire og stadig nye folk, livet pulserer meir og raskare. Det kan tyde på at folk i dag legg meir vekt på dei verdiane som ein ikkje kan oppnå i grendene og at det er ein av grunnane til det endringa i fordelinga av folketalet ein no ser så tydeleg.

## **KVA VERKEMIDDEL KAN VI SETJA INN FOR Å OPPRETTHALDE ELLER STYRKE Busetjinga i Grendene?**

Det viktigaste tiltaket kan det ikkje gjerast vedtak om - nemleg at folk i kvar si grend er glad i grenda si og står på for å få den så god som mogleg for alle. Trivselstiltak av ulik art som oppsittarane sjølv står for er minst like viktige som politiske vedtak, men politiske vedtak må til for å sikre midlar til å få lagt grunnlaget for å kunne bu i grendene, infrastruktur så som skule, VVS, barnehage, bustadbygging, sikre skulevegar, m.m.

Vi foreslår at følgjande verkemiddel blir tekne i bruk i arbeidet for å styrke busetjinga i grendene i Hol.

**1. Tilskot til byggjing/kjøp av bustad:** Det må gjerast attraktivt å slå seg til i grendene. Ein måte å gjera det på er å leggje tilrette for at det blir billegare å byggje/kjøpe hus i grendene enn i pressområda. Derfor bør det innførast eit tilskot til byggjing/kjøp av bustad i grendene. Tilskotet skal gå til dei som for fyrste gong byggjer/kjøper bustad og for å få dette tilskotet - kalla etableringstilskot til byggjing av bustad- må byggjinga/kjøpet foregå i grendene. Geilo er eit pressområde på bustadsida, og tiltak for å auke busetnaden i grendene kan lette på dette presset. Forslag til nærare reglar for slike tilskot følgjer vedlagt. Tilskotet skal kunne gjevast til alle som for første gong byggjer/kjøper hus i grendene og som fyller dei krava som går fram av reglane. (vedlegg 1).

**Forslag:**

1. Frå 1998 blir det innført eit tilskot til førstegongs bustadbygging/kjøp av bustad i grendene i Hol kommune. Storleiken på tilskotet blir 30 000 kr. Tilskottet kan også brukast til kjøp av tenester i samband med bustadbygging/kjøp av bustad eller til nyanlegg av kloakkanlegg der det ikkje er tilknytning til offentlege anlegg.

**Ansvar:** Kommunestyret.

**2. Kommunale bustadfelt/private tomter:** Ein av styrkane til grendene burde vera at det her var mogleg å byggje hus utan å måtte byggje i regulerte felt. Det bør ikkje vera noko absolutt krav at kommunen **må** leggja tilrette med bustadfelt overalt. Her bør det foretakast grundige vurderingar med sikte på å få lov til å byggje spreidd i grendene ut frå bl.a. forureiningsproblematikken. Likeeins må kommunen aktivt gjennom t.d. grendeutvala kontakte grunneigarar for å kartleggje om dei kan vera viljuge til å avsjå areal til bustadbygging. Det vil spara kommunen for store grunnlagsinvesteringar dersom ein kan finne egna areal utan å måtte regulere og opparbeide det i kommunal regi. Kvar og ein blir då bl.a. ansvarleg for VVS problematikken som utgjør store delar av tomteprisen i regulerte felt. Dersom det viser seg å vera enklast for alle at kommunen regulerer areal, må det alltid vera tilgjengelege tomter i grendene. Eit konkret verkemiddel for å stimulere til busetjing i grendene vil vera at prisane på desse tomtene blir subsidiert for å gjera dei ekstra attraktive. Derimot bør tomtene i pressområda avhendast til kostpris, dvs. full dekning av dei utgiftene det er med å leggja tilrette vedkomande bustadområde.

## Oversikt over pris på tomter i kommunale boligfelt

	Opparbeidelses- kostnad inkl. tomtegrunn	Pris pr. tomt opprinnelig fastsatt til: ( ) = år	Pris pr tomt er seinere justert til Vedtak 7.1.92
<b>Geilolie boligfelt:</b>			
Kjøpetomt	177.353	150.000 (89)	156.000
Festetomt	150.353	123.000 (89)	127.920
Festeavgift pr. år		1.500	1.500
<b>Grønlie boligfelt</b>	119.794	92.500 (88)	96.200
<b>Høgehaug vest</b>			
Festetomt	43.200	43.200 (83)	25.000
Festeavgift pr. år		750	1.473
<b>Moen boligfelt</b>	73.167	85.000 (88)	88.400
<b>Sudndalen</b>	36.871	27.000 (79)	70.811
<b>Ustaoset</b>	*	65.000 (86)	99.313

\* For utbygging av B 6 (5 boligtomter) var kostnaden kr. 548.265,- I saksutredning fra 2.10.86 står det m.a.: "Vegen blir også nytta for boligfelta B9 - B10 og eksisterande bebyggelse. Borebrønn med borehus skal tene B6 - B9 og B10. Ved fastsetting av eingongstilskot pr.tomt må det takast omsyn til dette - slik at kr. 548.265,- ikkje kan belastast tomtene fullt ut." For 2 av tomtene kjem grunnkjøpet i tillegg.

### Forslag:

1. Det blir lagt tilrette for spreidd busetnad utanom byggjefelt i dei grendene dette let seg gjera ut frå gjeldande lovverk.

**Ansvar:** Teknisk hovudutval/teknisk etat

2. Tomteprisane i kommunale byggfelt i grendene bør subsiderast så mykje at det blir attraktivt å etablere seg i grendene. Den må ikkje i noko tilfelle vera over opparbeidingskostnaden.

**Ansvar:** Kommunestyret

3. Kommunen må til eikvar tid ha oversikt over aktuelle tomter i grendene og aktivt marknadsføre desse.

**Ansvar:** Sentraladministrasjonen.

4. Kommunen skal i samarbeid med grendeutvala aktivt leggje tilrette for spreidd busetnad i grendene gjennom å leggja opp til enkle rutinar når det gjeld å få frådelt bustadtomter.

**Ansvar:** Teknisk hovudutval/teknisk etat.

5. Det bør oppfordrast til og leggjast tilrette for at hus/hytter som står tomme kan bli tilgjengelege som mellombels bustad for folk som tenkjer på å etablere seg i ei grend.

**Ansvar:** Grendeutvala i samarbeid med teknisk etat.

6. Behovet for eldrebustader i grendene må kartleggjast

**Ansvar:** Helse-og sosialetaten.

**3. Informasjon:** Hol kommune må drive eit mykje meir aktivt informasjonsarbeid overfor unge og andre som er i ferd med å etablere seg og skal byggje hus i Hol kommune. Det må utarbeidast ei informasjonsmappe som inneheldt til eikvar tid oppdaterte opplysingar om tomtesituasjonen i Hol kommune, ikkje berre innanfor kommunale felt, men også kvar det er

private tomter å få kjøpt, prisar på tomtene, kven som skal kontaktast om ein vil kjøpe/leige tomt, kva støtteordningar kommunen har i forhold til yngre husbyggjarar, ordninga med gratis arkitekt hjelp ved restaurering/ombygging av eldre hus, m.m.m.

#### **Forslag:**

1. Det blir utarbeidd ei informasjonsmappe som alle tomteskjarar får tildelt ved søknad om tomt. Den skal gje mottakaren så god informasjon som mogleg om kvar han kan bygge seg hus i Hol kommune og kva krav som blir sett, reglar som må følgjast, kven som svarar på kva i Hol kommune m.m. Mappa må vera nøytral og sakleg slik at den ikkje bevisst eller ubevisst leier folk til å velja den eine grenda framfor den andre. (Framlegg til innhald følgjer som vedlegg 2).

**Ansvar:** Teknisk etat.

**Kostnad:** Blir teke av eksisterande rammer for teknisk etat.

**4. "Velkomen til bygda "mappe:** For folk som er i etableringsfasen eller som kjem nye til ei bygd, betyr det ofte mykje korleis ein blir teken i mot i bygda eller at vedkomande får vita mest mogleg positivt om den nye bustaden sin. Ein måte å sikre at alle får ein god oversikt over kva grendene har å by på av positive tiltak og forhold, er at kvar grend får utarbeidd ei "velkommen til bygda" mappe som gjennom smakfulle skriv, kart, brosjyrer gir mottakaren opplysningar om fritidstilbod, aktivitetar, kurs, idrett, kontaktpersonar for ulike aktivitetar, telefonnummer til viktige funksjonar i bygda, ei generell orientering med litt historie og næringsliv m.m. Gode førsteinntrykk er ofte avgjerande for trivselen og dermed om ein blir busett i grenda for lengre tid.

#### **Forslag:**

1. Grendeutvala utarbeider ei "Velkommen til bygda" mappe som blir gitt til alle som skal bygge hus eller som flytter til grenda. (Vedlegg 3).

Det må utarbeidast rutiner for tildeling av slike mapper

**Ansvar:** Grendeutvala i samarbeid med lag/foreningar/kommunen.

**5. Arbeidsplassar:** Som vist til tidlegare, så er arbeid avgjerande faktor for den/dei som skal busetja seg i kommunen eller grend. Om ikkje arbeidet fins i grenda, blir det ofte eit spørsmål om kor langt ein er villig til å pendle for å koma til og frå. Det vil alltid bli avgrensa tilbod av arbeid i grendene - det er ikkje grunnlag for den store variasjonen. Primærnæring vil sannsynlegvis framleis vera viktig for dei fleste i grendene i tida framover. Men det er klare tegn på at antal sysselsette går ned innan desse, og dersom det ikkje kjem andre arbeidsplassar i staden i den grenda garden blir lagt ned, flytter snart folket frå bygda. For å gjera noko for å få dei unge til å ta over, må det ved revidering av reglane for tilskot til landbruket i Hol innførast ei ordninga med tilskott til unge gardbrukarar som overtek. Tilskotet bør vera 30 000 kr, og i prinsippet bli gitt etter same reglane som for bygging/kjøp av bustadhus i grendene.

Primærnæringane aleine kan ikkje skaffe arbeid nok til å få auka busetnad i grendene. Gjennom den næringspolitikken som til eikvar tid blir ført i kommunen, kan det leggjast tilrette for å stimulere til etablering av arbeidsplassar i grendene. Det vil her ofte bli snakk om ein/tomanns bedrifter. Ved å drive bevisst og aktivt arbeid for å skapa eit etablerarmiljø i kommunen, vil ein ha stor sjanse til å få mindre bedrifter til å starte opp. Ofte er det like bra med 10 einmanns bedrifter som med ei 10 manns bedrift! I tillegg må det arbeidast aktivt for å utvikle industrien på Geilo og i Kleivi, som begge er svært viktig for å skapa arbeidsplassar som kan vera med å sikre at folk buset seg også i grendene. Det bør vera aksept for ei reisetid på 30 minutt frå heim til arbeid. Dersom det blir lagt stor vekt på trivsel i grendene -levande grender - kan dei ofte vinne når det er spørsmål om kvar ein skal bu same om en måtte arbeide

i industrien på Geilo eller i Kleivi.

Det er i dag mange og gode virkemiddel som kan takast i bruk når det gjeld å stimulere til etablering dersom ein går saman med dei fylkeskommunale og statlege ordningane. Ved eit nært samarbeid med fylkeskommunen kan ein få full nytte av dei midlane som ligg i t.d. BU fondet. Etablering av eit samarbeidsprosjekt mellom Hol kommune og Buskerud fylkeskommune med siktemål å bevare/auke busettinga i grendene i kommunen og felles virkemiddel for å nå dette målet, vil her vera viktige. Lokalt blir både næringskonsulenten og landbrukssjefen viktige tilretteleggjarar for å nå dette målet.

#### **Forslag:**

1: Næringsavdelinga blir bedt om å utarbeide eit samarbeidsprosjekt med siktemål å bevare/auke busettinga i grendene gjennom etablering av nye arbeidsplassar.

**Ansvar:** Næringsavdelinga/næringsutvalet.

2. Det bør utarbeidast ei etablerermappe» som inneheldt alle opplysningar om kva ein som vil starte eiga verksemd må søkje om, tidsfristar, m.m.m. Dessutan alle søknadsskjema som forelegg som standardformular og eksempel på andre aktuelle søknader og meldingar.

**Ansvar:** Næringsavdelinga.

3. Næringsavdelinga må arbeide for å opprettehalde og styrkje eksisterande industrimiljø i kommunen og bidra til å utvikle eit allsidig næringsliv i tillegg til dette.

**Ansvar:** Næringskonsulenten og jordbrukssjefen/næringsutvalet.

#### **6. Trivselstiltak:**

Det å trivast ein stad går på mange faktorar som er ulike frå individ til individ. Korvidt ein kan få folk til å trivast gjennom offentlege tiltak, vil sikkert kunne diskuterast, men det bør ikkje vera diskusjon om at ein gjennom offentlege tiltak eller mangel på slike kan leggje til rette for eller ta bort faktorar som gjer at folk trivst. T.d. blir det ofte svært vanskeleg å drive eit aktivt lagsarbeid dersom både skulelokal og/eller grendehus blir borte fordi kommunen ikkje lenger har råd til å drive/gje tilskot til dette. Lag og foreningslivet i grendene har på ingen måtar same moglegheitene til å skaffe seg driftsmidlar gjennom ulike tiltak som dei laga som heldt til i område der det bur/ferdast mange gonger så mykje folk. Ellers er det viktig at det ikkje berre blir syting om kva som måtte vera av manglar i grendene. I den før omtalte velkomstmappa må det leggjast stor vekt på å framheve fordelane grendene har i forhold til meir "urbane" strøk.

#### **Forslag:**

1. Kommunen må syte for at lag/org i grenden kan nytte eksisterande kommunale forsamlingshus til sine aktivitetar og så langt som råd syte for at slike hus ikkje vert stengde eller lagt ned.

**Ansvar:** Kommunestyret/kulturutvalet.

2. Kommunen må informere om tilgjengelege tilskot slik at alle lag/org har same føresetnader for å kunne søkje.

**Ansvar:** Kulturetaten.

**7. "Levande bygder"** er eit vakkert slagord som det kan og blir lagt mykje ulikt i. Kva som skal til for å få levande bygdelag fins det sikkert mange svar på, men vi meiner at levande bygder i Hol kommune må innehalde tilbod som skule, barnehage, fritidstilbod for ungdom, arbeidsplassar og såpass mange oppsittarar at det blir eit godt fungerande foreningsliv og kulturliv. Mest av alt må det blant dei som bur i grendene, vera ein klar motivasjon og tru på at denne grenda er den beste å bu i, her vil vi bu og hit vil vi få fleire til å flytte. Det må



gjevast klare politiske signal om kva for infrastruktur vil skal og må/bør ha i grendene for at dei skal kunne fungere i åra framover. Med noko dystre økonomiske utsikter i vente, er det viktigare enn tidlegare å vera konsekvent i dette synet og la det få uttellingar ved oppsett og behandling av budsjetta framover slik at det er ressursar til å følgje opp dei tiltaka som denne handlingsplanen legg opp til.

Tilskottet til vedlikehald av grendevegar har gått dramatisk ned. I 1987 var det 2600 kr pr. 500 m, i 1996 1830 kr, det skulle vore 3500 kr etter prisindeksen. Dette må justerast opp att i budsjetta dei næraste åra. Likeeins må ein gjennom dei kanalar som er moglege å bruke, presse på for å sikre gode gangvegforbindelsar langs riksvegane, noko som også er viktig for å få grendene til å fungere saman med dei meir tettbygde delane av kommunen. Levande bygder i ikkje minst avhengige av at det kjem folk til bygda som slår seg til. Ungdomar som har vakse opp i grenda og som av ulike grunnar har flytta ut for lengre eller kortare tid bør følgjast opp med tanke på å dei attende til grenda/kommunen. Ansvar for slik oppfølging av ungdom bør leggjast til næringskontoret.

Det må også arbeidast bevisst med å informere ungdom om kva planar som ligg føre for grenda deira/kommunen i løpet av siste året på ungdomsskolen. Dette bl.a. for å skapa positive haldningar til bygda/kommunen og næringslivet her.

### **Forslag:**

1. Det er eit ståande politisk mål at grendene ikkje blir svekka i sin infrastruktur. Infrastrukturen må til eikvar tid vera så god at den gir grunnlag for ny busetting.

**Ansvar:** Alle utvalg.

2. Det skal gjennomførast årlege informasjonsrundar til ungdomsskolen om kommunale planar for grendene/kommunen/næringslivet.

**Ansvar:** Næringskonsulenten/ordføraren

3: Kunnskap om kultur, natur og miljø i eigen bygd må ha ein sentral plass i undervisinga på barneskulen.

**Ansvar:** Skulesjef/rektor, grendeutval.

4. Næringskonsulent/landbrukssjef får ansvar for å gjennomføre eit prosjekt som har som målsetting å følgje ungdomane frå Hol tett frå og med vidaregåande skule og gjennom heile utdanninga med sikte på å få dei interesserte i å flytte attende til heimbygda, kommunen.

**Ansvar:** Næringskonsulenten/landbrukssjefen. + grendeutvala og regionrådet.

5: Tilskottet til grendevegar er eit viktig verkemiddel for å halde oppe grendene, og tilskotet bør aukast monaleg i dei næraste åra då det har vore stor reell nedgang i dette over fleire år.

**Ansvar:** Kommunestyret/teknisk hovudutval

3576 HOL november 1997.

Arne Skogheim

Knut Medhus

Jorun Kleppo

Elisabeth Bølviken  
Groven

Vedlegg 1:

Forslag til reglar for stønad til bygging/kjøp av bustad i grendene Hol, Hovet, Sudndalen, Haugastøl, Ustaoset, Skurdalen og Dagali.

**1. FØREMÅL:** Hol kommunestyre ønskjer å stimulere og hjelpe til med å auke busetjinga og bustadbyggjinga i grendene i kommunen ved at det blir gitt kommunal stønad til unge 1. gongs etablerande til eigen bustad.

**2. REGLAR FOR TILDELING. (Opphørt med virkning fra 1.1.1999. Jfr. K.vedtak 10.12.98, sak nr. 0115/98)**

A: Stønad kan tildelast personar under 35 år som byggjer/kjøper hus eller andel i burettslag i dei nemnde grendene. For ektefeller/sambuarar der alderen til ein av dei er over 35 år blir det gitt 1/2 tilskot.

Det kan tyast tilskot berre ein gong til ein og same huslyd/person.

B: Ved byggjing av bustad i grendene kan det gjevast stønad dersom hust ligg innanfor gjeldande reglar for areal, kostnad m.v. i Husbank og Landbruksbank.

Ved kjøp av bustad kan tilskot gjevast uavhengig av storleik og standard under den føresetnaden at kostnaden ligg innanfor kostnadsramme for eit nytt vanleg Husbank-/Landbruksbankhus.

Ordninga gjeld også 2 generasjonsbustad der yngste generasjon fyller krava til punkt 2A. Dersom beståande bygning blir utvida med sjølstendig eining som fyller krava til punkt 2A og eininga er under 50 m<sup>2</sup>, blir stønadsbeløpet redusert til 50 %, dvs. 15 000 kr.

Under dette punktet blir det ikkje stilt krav om at søkjar har heimel til eigendomen når det gjeld bygg oppført på gardsbruk.

C: Stønad kan og gjevast til personar som har fått etableringslån gjennom kommunen.

D: Stønad blir gjeve som tilleggsloan med pant i prioritet etter lån teke opp i samband med byggjing eller kjøp av bustaden. Lånet er rente- og avdragsfritt i 5 år. Etter den tid blir lånet gjort om til tilskot.

Dersom eigar og/eller brukstilhøva blir endra før det er gått 5 år, skal lånet tilbakebetalast til Hol kommune med tillegg av rente tilsvarande gjeldande marknadsrente for 1. prioritets pantelån til bustadføremaal i distriktet. Stønadmottakar er ansvarleg for at melding om slik endring blir sendt Hol kommune, formannskapskontoret snarast og i god tid før slik endring blir sett i verk.

Blir endring sett i verk utan slik melding, blir det rekna renter med 1,5 % pr. månad frå det tidspunkt lånet skulle vore betalt attende.

**3. UTBETALING:**

A: Ved nybygg:

- Utbetaling av stønadsbeløpet kan skje når finansieringsplan og innvilga lån ligg føre, byggjearbeid er starta og eigenkapitalen langt ned i bygget.

05.01.2009

B: Ved kjøp av bustad/andel i burettslag:

- Når det ved kjøp av bustad ligg føre underteikna kjøpekontrakt/skjøte og etter eventuell synfaring.
- Når det ved kjøp av andel i burettslag blir lagt fram kontrakt med burettslaget om kjøp.

#### **4. ADMINISTRASJON - HANDSAMING - AVGJERD**

Ordninga blir administrert av rådmannen innanfor gjeldande budsjettramme etter delegert mynde.

Ordninga skal lysast ut 2 gonger i året og søknad blir å sende på eige søknadsskjema. Administrative vedtak etter ordninga kan ankast til formannskapet.

#### **5. BUDSJETTERING, REKNESKAP OG FRÅ KVA TID ORDNINGA GJELD.**

A: Kommunestyret fastset for kvart år storleiken på det stønadsbeløpet det kan søkjast om og set av disponibelt totalbeløp i årsbudsjettet.

Søknader som er kome inn etter at budsjetterte midlar er disponert, blir behandla påfølgjande år. Inntil vidare blir storleiken på kvar stønad sett til 30 000 kr.

B: Kommunestyret skal kvart år ha rekneskap og melding om ordninga.

Unytta del av løyvd sum i budsjettet med unnatak av innvilga, men ikkje utbetalt tilskot, skal attendeførast fonda.

C: Denne ordninga trer i kraft frå 1.1.98

**Ordningen opphørt fra 01.01.1999. Jfr. kommunestyrevedtak av 10.12.1998, sak 0115/98**

**Vedlegg 2:** Forslag til innhald i ei "ressursmappe" som skal delast ut til alle som spør om tomt anten i kommunalt felt eller som kjøper tomt i privat felt i Hol kommune.

# RESSURSMAPPE OM HUSBYGGING I HOL

## INFORMASJON TIL TOMTESØKJARAR

### 1. INNLEIING

Tanken bak mappa.  
Presentasjon av kommunen / bygdelaga.  
Servicetilbod , butikkar,post, skole, barnehage o.s.b.

### 2. TOMTER

Oversikt over kommunale tomter. Eventuelt, kor ein kan finne oversikt over slike.

Prisantydning og kva som er inkludert i dette.  
Kor og korleis søkje på kommunal tomt: skjema,tekstforslag m.m.  
Frister ein må halde.  
Innbetalingar av gebyr.  
Tilknytningsavgift - tinglysingsgebyr  
Handsamingstid på søknadar.

Private tomter - ferdigregulerte tomtefelt eller einskildtomter det skal søkjast godkjenning for.

Kor finst dei. Korleis søkje godkjenning.  
Vatn / avløp.  
Vegrett / avkøyring.

Korleis går ein fram ved frådelling av tomter frå eigen eigedom / gard.

### 3.FINANSIERING

Opplysning om ulike typer lån.  
Innføring i "tåkete" begrep ( rentesatsar, fast / flytande rente o.s.b. ).  
Husbank / Landbruksbank / Privat finansiering.  
Sikring av lån.  
Korleis søkje lån.

### 4. HUS

Ulike typer hus. Ferdighus / arkitekttegna.  
Leverandørar: Kor kan ein henvende seg for å få katalogar.  
Plassering av huset.  
Lokal byggeskikk.  
Korleis tyde eit kostnadsoverslag.  
Kva bør ein passe på ved oppsetjing av kontrakter.  
Kommunal arkitekt hjelp ved restaurering/tilbygg  
Miljøvennleg bygging (materialbruk, oppvarming, romplassering o.l. )

## 5. SAKSGANG

Til bygningsrådet.

Kva skal søknaden innehalde og omlag kor lang handsamingstid ein må rekne med.

Plassering av huset

## 6. LOKALE HANDTVERKARAR

Det kan vere ein ide å leggje ved Hol håndtverkerforening sin oversikt.

## 7. KVA KAN HOL KOMMUNE BIDRA MED

Lån.

Sikring.

Tilskot av ulike slag.

Rettleiing ( arkitekt, ENØK, landskapsutnytting o.l. )

Hjelp ved rehabilitering.

Vedlegg 3.

**FORSLAG TIL INNHOLD I "VELKOMEN TIL BYGDA"**

05.01.2009

## **MAPPE.**

Presentasjon av bygda og kommunen

- Folketal
- Servicetilbud
- Geografi (kart ?)
- Bygdehistorie
- Næringsliv i bygda

Alle lag og organisasjonar får presentere seg

Dette bør med:

- Målsetjing
- Kva driv dei med?
- Kvar finn ein dei?
- Medlemstal
- Kontaktperson
- Møteplan / kursverksemd

Årlege hendingar

Døme:

- Basarar
- Skirenn / skøyteløp
- Bygdeveke
- Fellesfeiringar ( 17. mai, juletreff osv.)
- Kulturviku

Fritida i naturen

- Merka turstiar
- Merka skiløyper
- Historiske stader
- Gamle ferdselsårer

Ansvarlege for ei slik mappe blir grendeutvala i samarbeid med den innan administrasjonen som er kontaktperson mellom grendeutvala og kommunen.

Vedlegg 4.

**RETNINGSLINER FOR GRENDEUTVALA.**

1. Grendeutvala er samansett av inntil 5 medlemmer med like mange varafolk som blir valde på grendamøte same året som det har vore kommuneval. Funksjonstida for grendeutvala er valperioden. Grendeutvala vel sjølve leiar og nestleiar med funksjonstid 2 år på det fyrste møtet i det nyvalde grendeutvalet. Etter 2 år blir det vald ny leiar og nestleiar innan grendeutvalet.

Alle som er busett i grenda er valbare til grendeutvalet. Det er ingen aldersgrense.

2. Arbeidet i grendeutvala er frivillig og gir ikkje grunnlag for møtegodtgjersle. Hol kommune stiller til disposisjon ein sum som skal dekke grendeutvala sine faktiske utgifter til leige av møtelokaler, annonsering, porto, telefon, materiell o.l. Hol kommunes sentraladminisstrasjon oppnemner ein av sine tilsette som kontaktperson for grendeutvala. Denne skal hjelpe til med kopiering og utsending.

3. Grendeutvala skal kjenne eit serskilt ansvar for tiltaksarbeid, næringsutvikling i grendene og vera grendeutviklar som saman med kommunen legg strategiar for arbeidet med dette framover. Å ta vare på, utvikle og nyttiggjera grenda sine ressursar og mogelegheiter for gjennom dette å skapa positiv sysselsettingseffekt må vera ei kontinuerleg arbeidsoppgåve og eit overordna mål for arbeidet i grendeutvala. Grendeutvala bør også fungere som eit ideforum innan næringsarbeidet i grenda og i den samanhengen vera ein aktiv medspelar for næringsutvalet i kommunen.

4. Grendeutvala er høyringsorgan for kommunale planar som vedkjem grenda. Dei får også tilsendt saklistene for hovudutvala i kommunen og avgjer sjølve om dei vil gje uttale til utvala i saker som vedkjem grenda.

5. Grendeutvala bør arbeide for trivselsfremjande tiltak i grenda saman med dei lag og foreningar som fins i grenda.